

Referat frå elevrådsmøte 30-01-15

Alle møtte.

Sak 26 / 14-15 : Godkjenning av referat frå møte 06-01-15

Referatet vart godkjent utan merknader.

Sak 27 / 14-15 : Tilbakemelding frå møte om Kommunedelplan skule 2014-18

8. januar var Alva og Nikolai saman med rektor, tillitsvald og to repr. frå FAU på orienteringsmøte i Knarvik. Noko av det viktigaste som kom fram var at kommunen har lagt til grunn 6 alternativ for skulestrukturen. 5 av alternativa inneber at Myking-elevane skal sendast til Lindås. 1 alternativ er å behalda noverande ordning. Elevrådet er stolte av Alva og Nikolai som representerte elevane ved Myking skule på dette møtet. Neste møte : 5. februar.

Sak 28 / 14-15 : Aktivitetsplan vår 2015

Aktivitetsplanen inneheld oversyn over det som er planlagt for kvar månad. Det kan verta endringar. Heng gjerne planen opp i klasseromma.

Sak 29 / 14-15 : Programleiarar / ryddarar ved morgonsamlingane i vår

30.jan.:Nikolai, Benedicte / Ryddarar : 4. klasse 20.febr.:Mathea,Sindre/7.kl
24.april: Alva, Ina / 5.kl 22.mai : Magnus, Nikolai / 6.kl

Sak 30 / 14-15 : Trivselsleiarar ved Myking skule

Elevrådet tilrår at trivselsleiar-oppgåva vert tildelt 7.klasse

Sak 31 / 14-15 : Karneval 17.febr.

Elevrådet er glade for at FAU vil arrangera Karneval, og ønskjer at alle får kle seg ut som dei vil – altså ikkje noko tema som bestemmer utkledding. Elevrådet kan gjerne ta på seg oppgåver i samband med karnevalet.

Myking skule, 31-01-15

Margunn D.S. (ref.)